

Årsrapport 2006

Friskere geiter



Årsrapport Friskere geiter 2006

Oppsummering

Det har vore god framdrift i prosjektet også i 2006. Interessa er aukande.

55 produsentar har gjennomført eller er starta med sanering i 2006. Til saman har 125 produsentar gjennomført eller er i gang med sanering. 40 produsentar er påmeldt til sanering i 2007, 80 er påmeldt til 2008.

Prøvetaking og analyse fungerer godt, og det er testa fleire dyr enn nokon gong. Prosjektet vil halde ein høg prøvfrekvens i område der det er stor risiko for påvisning av smittestoff, og vil gå ned på frekvensen i mindre risikoutsette område. I risikoområde for paratuberkulose er det nødvendig å fylgje opp med meir prøvetaking enn i andre område.

Andelen med CAE-positive geiter etter sanering er svært låg. Det er påvist 20 CAE-positive dyr av totalt 7700 frå 17 buskapar som har sanert ved hjelp av snapping. Til saman 91 buskapar har ikkje påvist CAE på sistebuskapstest.

Byllesjuka er påvist i ein sanert besetning, og det ser ut til at testing og utslakting av 2 positive dyr har stoppa vidare spreiding.

Gammainterferentesten for påvisning av paratuberkulose ser ut til å fungere godt også på sau. Det er til no, ved kartlegging før sanering, påvist paratuberkulosesmitte på sau i 5 buskapar der dei også har geit. Det er ikkje påvist positive geiter etter sanering.

Det er samla inn meir data frå effektivitetskontrollen. Det er ikkje enno nok data for få ei fullstendig god oversikt over økonomiske konsekvensar av sanering. Dette arbeidet held fram. Det er gitt løyvingar til to fireårige forskingsprosjekt som båe byggjer på data frå Friskere geiter. Det eine prosjektet har to stipendiatar.

Helsetilstanden i sanerte buskapar er hovudsakleg svært god. I nokre buskapar er det oppstått ein del problem med luftvegsinfeksjonar av ukjent årsak, noko høgare mastittfrekvens og mage-tarmsjukdom. Av talet på rapporterte tilfelle, kan ein i dag ikkje sjå at det er høgare frekvens av desse sjukdommane blant sanerte buskapar enn hjå andre, snarare tvert imot. Håpet er at ein skal finne ut meir om kva dette skuldast i åra som kjem.

Det trengst tettare kontakt med Mattilsynet sentralt enn det som har vore tilfelle i 2006.

Innleiing

Smittesaneringsprosjektet Friskere geiter har i 2006 halde fram etter vedtekne retningsliner. Målsettinga er å utrydde sjukdommane CAE (Caprin Artritt Encephalitt), byllesjuke og paratuberkulose i norske geitebuskarar. Sjukdommane har stor negativ innverknad på dyrehelse, dyrevelferd og produksjon i flokkane.

Fase 1 start i 2001 og Fase 2 starta i 2005.

Prosjektet er vurdert å ha stor nasjonal verdi, og det var sett av 8 mill. kroner over jordbruksavtalen for 2006. I tillegg stod det att ein del midlar frå 2005, slik at budsjettet for 2006 var på 11,3 millionar kroner.

Deltaking i prosjektet er frivillig, og produsentane må sjølve melde seg på. Dei mest interesserte brukarane, og dei som har størst sjans for å få til ei vellukka gjennomføring blir prioritert.

Prosjektstyring

Friskere geiter er eit nasjonalt prosjekt, eigd av helsetjenesten for geit (HTG).

Samarbeidsrådet i HTG fungerer som styringsgruppe. Sigmund Indrevoll gjekk av som leiar for styringsgruppa i juni. Ingolf Folven tok over etter han.

Liv Sølverød er sekretær.

Styringsgruppa er i desember 2006:

Ingolf Folven, TINE BA, leiar

Ingrid Arneng, NSG

Helga Kvamsås, TINE BA meieriet vest

Ingunn Nævdal, NSG

Ola Nyberg, Veterinærinstituttet

Gunnar Øvernes, DNV

Snorre Stuen, NVH

Synnøve Vatn, Helsetjenesten for sau, Animalia

Liv Sølverød, TINE Rådgiving, sekretær,

TINE Mastittlaboratoriet i Molde

Postboks 2038, 6402 Molde

Prosjektgruppa er:

Nils Leine, prosjektleiar

Solfrid Steen, TINE Meieriet Øst

Helga Kvamsås, TINE Meieriet Vest

Trond Pettersen, prosjektkoordinator for Nord-Noreg

Atle Drangevåg, TINE Meieriet Sør

Ingunn Nævdal, Norsk sau og geit

Jan Morten Estil, TINE Midt-Norge

Gunnar Valdahl, prosjektkoordinator for Møre og Romsdal

Liv Sølverød, sekretær i Helsetjenesten for geit

Informasjonsarbeid

Møter og samlingar for produsentar: Bjordal, Guddal, Valdres, Vinje, Sogndal, Aurland, Undredalen, Jæren, Vågå, Veitastrand, Beiarn, Misvær, Lyngen, Vestbygd

Kurs for veterinærar: Hønefoss (veterinærar frå utenlandske studiestader), Tretten, Oslo (landsomfattande)

Kurs for rådgjevarar: Gardermoen (TINE-rådgiving)

Statens Landbruksforvaltning SLF – møte angående omlegging av tilskot

Veterinære fagdagar i Trondheim – innlegg
 Geitedagane i Flåm – innlegg
 Kongress for landbruksjournalistar – orientering
 Saneringsnytt: 5 nummer
 Avisinnlegg: Sau og geit og Norsk veterinærtidsskrift
 Internett: Oppdatering av websider

Deltaking i andre noverande prosjekt og utvikling av nye prosjekt, kurs m m.

To forskingsprosjekt:

Vidareutvikling av gammainterferentestest saman med Veterinærinstituttet

”Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter” saman med NVH

Balsfjord – byllsjuke på sau

Møter i prosjektgruppe og styringsgruppe

Prosjektgruppa: 7 telefonmøte

Styringsgruppa: 2 fysiske møte og eitt telefonmøte

Kontakt med Mattilsynet

Prosjektleder var invitert til eit konstruktivt møte med direktør Stein Ivar Ormsettrø i Mattilsynet i februar 2006. Etter den tid har det ikkje vore muleg å få kontakt med sentralleiinga i Mattilsynet. Det har vore godt samarbeid med andre deler av Mattilsynet inkludert distriktskontor rundt om i landet.

Deltaking 2006

Til saman 125 produsentar er med i testprogram og har gjennomført sanering eller har buskap fri for CAE, byllesjuka og paratuberkulose.

Oversikt pr fylke over antall produsentar som er med i geitekontrollen i 2005 samt produsentar som i tillegg er med/påmeldt i Friskere geiter, alle år

Fylke	antall produsenter i GK i 2005	antall produsenter også i FG 2006	prosent av medl. i GK som er med i FG i kvart fylke
Akershus	1	1	100
Hedmark	18	11	61
Oppland	42	17	40
Buskerud	18	9	50
Telemark	19	18	95
Rogaland	11	10	91
Hordaland	33	18	55
Sogn og Fjordane	64	29	45
Møre og Romsdal	40	10	25
Nord-Trøndelag	5	3	60
Nordland	35	30	86
Troms	103	46	45
Landet	389	202	52

Oversikt påmelding totalt (også dei som ikkje er med i geitekontrollen)

Fylke	påmeldt eller har sanert 2006
Akershus	1
Østfold	1
Hedmark	12
Oppland	25
Buskerud	11
Telemark	18
Vest-Agder	1
Rogaland	12
Hordaland	23
Sogn og Fjordane	40
Møre og Romsdal	13
Nord-Trøndelag	3
Nordland	39
Troms	48
Landet	247

Det er ca 9800 sanerte geiter i prosjektet så langt.



Resultat

CAE

I 2006 vart det analysert 13340 prøver for antistoff mot CAE på TINE Mastittlaboratoriet i Molde. Av dette er 943 tankmjølkprøver. Det er teke blodprøver i 129 buskappar, og når ein inkluderer tankmjølkeprøvene, er det testa småfe i 541 buskappar.

91 bruk er negative for antistoff mot CAE på siste buskapstest og ikkje har hatt dyr med symptom eller har testa positivt på byllesjuka og paratuberkulose. Sjå:


<http://leine.no/htg/sanering/info/salg/friske.pdf>



Det er i 2006 påvist 20 CAE-positive geiter i 17 buskappar etter sanering ved hjelp av "snapping". Det er påvist 8 positive geiter i 3 buskappar som sanerer ved uslakting av positive dyr. Andelen av CAE-positive geiter er framleis svært låg. Frekvensen av testing ved hjelp av blodprøve vil gå ned og vi vil satse meir på bruk av tankmjølktest. Dette vil gjera prøvetaking for overvaking relativt rimelegare i framtida.

Planen er å analysere to tankmjølkprøver årleg frå sanerte buskappar. Bruk av tankmjølk til buskapsovervaking ser no svært lovande ut, og det er etter dei siste justeringane på laboratoriet svært godt samsvar mellom blodprøver av enkeltdyr og tankmjølktest for CAE-kontroll på buskapsnivå.

CAE på sau



CAE er ein sjukdom som ein finn både i sau og geit. I dei aller fleste buskapar som har både sau og geit finn ein CAE-positive sauer. Det er difor nødvendig å kartleggje og sanere sau på linje med geitene, for å hindre at sanerte geiter blir smitta av sauene. Ved utslakting og ny testing etter ei tid, går frekvensen av CAE-positive sauer ned, men i mange flokkar tek det lang tid å bli kvitt smitte når ei sanerer på denne måten. Det ser ut til at det prinsippet som gjeld på geit, at dersom det er meir enn 10% CAE-positive dyr ved kartlegging, så bør ein gjennomføre full utskifting av flokken for å koma snøgt til målet.?

Det er testa ca 1253 sauer i 33 buskapar i 2006.

I tillegg har det vore eit godt samarbeid med Mattilsynet om testing av sau i kontaktbuskapar til deltakarar i Friskere geiter. Friskere geiter har betalt for prøvetaking og Mattilsynet for analyse. Særleg på Malangshalvøya er mange sauebuskapar blitt testa.

Byllesjuketesting 2006

Til no er det nytta Hemolysin inhibisjonstest for å analysere prøvene. Det vart køyrt nokre få analyser med ELISAtest i 2006, og ein håper å kunne bruke den testen meir i 2007.

Ein sanert buskap hadde eitt klinisk tilfelle med byllesjuka. Det var på eit innkjøpt kje, men smitte kunne ikkje påvisast i seljarbuskapan ved testing der. Eitt kje til testa positivt, og baa vart slakta. Oppfylgjande testing har ikkje påvist fleire positive dyr. Utanom det er det ikkje påvist byllesjuka etter sanering. Det blir hovudsakleg testa sau som vil koma i kontakt med sanerte geiter på beite.

Resultat av byllesjuketesting 2006:

	Postive sauer	Negative sauer	Positive geiter	Negative geiter	Totalt
Buskapar	7	17	5	32	47
Individ	41	375	38	303	757

I tillegg er det i samarbeid med Mattilsynet testa 463 sauer i 25 buskapar og av desse har 93 testa positivt.

Det er starta ei større kartlegging av byllesjuka i sauebuskapar i Balsfjord kommune. Resultat frå dette arbeidet ventast i 2007.

Også i år er det dyrka frå ein del byllar som oppstår på dyr etter sanering. Dei bakteriane ein oftast finn der er: *Staphylococcus aureus*, *Arcanobacterium pyogenes*. I tillegg til dette finn ein ofte blandingskulturar av ulike bakteriar, men ikkje byllesjukaebakterien, *Corynebacterium pseudotuberculosis* botsett frå det eine tilfellet som alt er omtala.

Paratuberkulose

Resultat av gammainterferontesting

Gammainterferontest geit 2006		
Etter sanering, kontroll		
Geit	antall	Merknad
buskarpar	35	
individ	1578	
Negative	1571	
svakt positive	3	Ny blodprøve
Underkjente	4	Ny blodprøve

Gammainterferontest sau 2006		
I besetninger med både sau og geit, kartlegging		
Sau	antall	
buskarpar	7	
individ	243	
negative kontrollar	233	Sikre negative sauer
sterkt positive	11	3 buskarpar
svakt positive	16	

Resultat bakteriedyrking paratuberkulose 2007			
	Buskarpar testa	Geiter	Påvist
Dyrking frå enkeltdyr og miljø	20	150	2 buskarpar

Mattilsynet har testa 44 buskarpar i OK-programmet. Disse resultatene har prosjektet fått tilgang på, noko som gjer at ressursane til Mattilsynet i dette tilfellet kjem prosjektet til gode. På dette punktet fungerer samarbeidet med Mattilsynet godt. Paratuberkulose testing er intensivert i 2006. Det er kome med fleire buskarpar i prosjektet frå område der det er tvungen vaksining. Det er dei svakt positive og underkjente prøvene som gjev grunnlag for vidare undersøkingar. Dyra blir testa på nytt att etter ei tid, og dersom det viser ei utvikling som tilesier at det kan vera ein reell smitte og det ikkje er falsk positiv reaksjon, må ein undersøkje dyret nærmare. Det er ikkje påvist sterkt positive dyr etter sanering.

Det er også testa sau med gammainterferontest. Det er i 2006 påvist sauer frå 3 buskarpar med sterk positiv reaksjon på gammainterferontesten, slik at det totale talet no er fem sauebuskarpar der ein har funne sterkt positive dyr.

Tolking og utvikling av gammainterferontesten på sau inngår i eit påbegynt doktorgradsarbeid.


Testing av både geit og sau for paratuberkulose er heilt nødvendig i eit bekjempingsopplegg. Difor vil prosjektet også dei komande åra bruke betydelege ressursar på dette. Resultata så langt ser svært opplyftande ut.

Semin

Prosjektet har støtta semin med 250 000 kroner. Dette skal brukast på smittefrie bukkar og på subsidiering av eigarinseminasjon på geit. Det har vore kurs i regi av Team Semin, og mange nye geiteprodusentar har brukt semin i året som gjekk. Foreløpige resultat viser same tendens som i fjor, noko over 50 % ikkje omløp.

Mjølke kvalitet og yting

Som ein ser av grafen, viser tal frå geitekontrollen at det blir lågare celletal og høgare tørrstoff i mjølk etter sanering. Dette gjeld ikkje alle, og 5 buskarpar har høgare celletal etter sanering enn før. Geitekontrollen har også tal som viser at det er høgare yting i sanerte enn i ikkje sanerte buskarpar. (Sjå *Saneringsnytt nr 5 2006.*)



Forskningsprosjekt

To forskningsprosjekt er komne i gang. Det eine prosjektet blir styrt av Veterinærinstituttet og heiter: "Improved goat herd health – closing in on the goal". Det andre heiter: "Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter". Det er TINE og Helsetjenesten for geit i samarbeid med NVH som har det overordna ansvaret for dette. Det sistnemnte prosjektet har Norges Forskningsråd løyvd ekstra midlar til, slik at det har to stipendiatar.

Mastitt

Tormod Mørk ved Veterinærinstituttet held fram i samarbeid med TINE Rådgiving med å fylgje utviklinga i 6 buskarar som har hatt mastittproblem.

I geitekontrollen er det i 2006 registrert 24 buskarar med mastitt på eitt eller fleire dyr. 11 av desse sanerer ved hjelp av utslakting av positive dyr, 13 ved hjelp av snapping.

Det kan såleis tyde på at det er i alle fall ikkje er meir mastitt i buskarar som sanerer med utskifting av alle dyr enn i andre buskarar.

EK geit

Innsamling av EK-data held fram. Det er ved årsskiftet lagt inn 176 rekneskapsår frå 83 produsentar. Det er framleis for få rekneskapsår til at ein kan gjera sikre utrekningar.

Innsamling av data vil halde fram.

Sluttord

Prosjektet har gitt gode resultat, sjølv om det på nokre svært få bruk har vore ein del problem med mastitt og luftvegsinfeksjonar. Det er likevel liten grunn til å tru at endring i førekomsten av desse produksjonssjukdommane på besetningsnivå direkte kan relaterast til saneringsstatus. Det er heilt nødvendig å halde fram med saneringa, då det gjev ein tydeleg gevinst både når det gjeld velferd og produksjon. TINE har i 2006 vedteke strategi for bruk av geitemjølkk fram mot 2010. Det skal satsast på mjølkk med gode ysteeigenskapar og betre smak.

Produktutvikling skal skje på ost, og kvaliteten skal tilpassast smaken til forbrukarane. God geitehelse og -velferd blir vesentlege innsatsfaktorar for å nå dette målet.

Det er i tida som kjem endå meir nødvendig med tett kontakt med Mattilsynet. Det er beklageleg at det ikkje har vore kontakt med sentralleiinga i Mattilsynet i store delar av 2006. Det er nødvendig å fylgje opp med justeringar av lovverket etter kvart som ein får ny kunnskap og etter kvart som fleire og fleire geitebuskarar blir erklært fri for dei tre smittsame sjukdommane.

Vang, 2. februar 2007

Nils Leine